



Landbruksdirektoratet
Postboks 56
7701 Steinkjer

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
25/182033	25/20956	Michal Westfal post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no	24/83140	01.11.2025

Høyringsuttale for forvaltning av hjortevilt Bjørnafjorden landbrukskontoret

Bjørnafjorden landbrukskontor er eit interkommunalt kontor for kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger.

Vi viser til høyringsuttalen frå Midthordland Skogeigarlag til strategi for forvaltning av hjortevilt. Bjørnafjorden landbrukskontor støttar dette innspelet.

I våre tre kommunar ser vi mykje beiteskadar i nyplanta skog. Dette gir store økonomiske tap både for skogeigarane og for staten, som støttar planting på Vestlandet med tilskot. Hjorteskadar påverkar framtidig skogproduksjon, tømmerkvalitet og stabilitet i skogen.

Skogplanting er heilt nødvendig for å få opp ny skog etter hogst. I mange felt blir plantene skada eller beita ned før dei kjem over beitehøgda. Det fører til ekstra kostnader og forseinka forynging. For at investeringane i planting skal gi resultat, må hjortestamma haldast på eit nivå som gjer det mogleg å etablere ny skog.

I fleire område har vi òg eldre granbestand som er hardt skadd av barknaging frå hjort. Skadane er så store at stabiliteten i bestandet er svekka, og fleire skogeigarar må vurdere tidleg hogst for å unngå større økonomisk tap.

I den nye NMSK-strategien for Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger legg vi derfor vekt på å støtte tiltak som kan redusere hjorteskadar. Dette viser at problemet er reelt og økonomisk belastande, særleg for skogeigarane.




Diagram som viser talet på hjort i dei tre kommunane våre samanlikna med gjennomsnittet for fylket.

Bjørnafjorden landbrukskontor deler vurderinga til Midthordland Skogeigarlag om at strategien slik den no ligg føre, legg for liten vekt på dei negative konsekvensane av ein for stor hjortestamme. Skadar på skog og innmark er ei reell økonomisk belastning for både skogeigarar og samfunnet. Hjorteviltforvaltninga må ta omsyn til dette skadeomfanget og sikre ein betre balanse mellom beitepress og moglegheita til å etablere ny skog.

Avskyting og bestandsmål må tilpassast slik at både forynging og planting kan lykkast. Ei forvaltning som byggjer på biologisk berekraft og oppdatert forskning om beiteskadar vil gi eit meir realistisk og heilskapleg grunnlag for framtidig forvaltning. Ein berekraftig hjortestamme er ein føresetnad for eit berekraftig jord- og skogbruk på Vestlandet.

Med vennleg helsing

Simon Wolff
Landbrukssjef

Michal Westfal
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Høyringsuttale vedkomande strategi for forvaltning av hjortevilt Midthordland skogeigarlag



**Bjørnafjorden
landbrukskontor**

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger